



EIN STAD GÅR GRENSA: – Dette er heilt horribel styring frå fylkeskommunen. Austevoll kommune vil miste både arbeidsplassar og skatteinntekter. Næringslivet bit seg fast her ute, men ein stad går grensa, seier storinvestor Helge Møgster. FOTO: Marita Aarekol

Berre ein ting står i vegen for investeringa på 500 millionar: Ei ferje

Austevoll laksepakkeri AS med 192 tilsette seier dei er avhengige av ei nattferje for å satsa vidare i Austevoll. Ei utviding til 500 millionar kroner står på spel.

[Malene Indrebø-Langlo](#)

14. mai 2017 16:35, oppdatert 15. mai 2017 08:51

– Alle som bur i distrikta ønskjer seg eit betre rutetilbod. Men dagens rutetilbod skadar samfunnet i Austevoll, seier ordførar i Austevoll kommune, Morten Storebø og understrekar at i motsetning til oljekrisa, er løysinga på dette problemet «latterleg enkel».

– Ein ekstra ferjeavgang – klokka 01.00 – så enkelt er det. Dersom dagens rutetilbod ikkje vert betre vil det ikkje vere mogeleg for næringslivet å investere meir i Austevoll.

1. januar tek Fjord1 over drifta av ferjesambandet Hufthamar-Krokeide, sambandet som knyt Austevoll til Bergen. I dag går siste ferje frå Austevoll klokka 22.40.

Korleis det nye rutetilbodet vil sjå ut er enno ikkje gjort kjent, trass fleire puringar frå næringsliv og kommune.

[Ferjeopprør på Tysnes: – Ei rasering av vegtilbodet](#)

500 millionar sett på vent

I Austevoll er næringslivet i stor grad tufta på oppdrett og fiskeri. Dagleg pendlar fleire hundre arbeidstakarar frå nabokommunane inn til Austevoll.

Ei av bedriftene, Austevoll laksepakkeri AS med 192 tilsette, har lenge hatt planar om å byggje ut pakkeriet. Investeringa, på kring 500 millionar kroner, er inntil vidare lagt på is.

– Utan nattferja, kan vi ikkje byggje eit større pakkeri i Austevoll, seier næringsdrivar og storinvestor, Helge Møgster.

[– Oppdrettere fornekter og bortforklarer miljøproblemer](#)



500 MILLIONAR: Slik kan det kanskje sjå ut i framtida, dersom laksepakkeriet får utvide bedrifta.

ILLUSTRASJON Austevoll laksepakkeri AS

Allereie i dag har bedriftene problem med at pendlarane ikkje kjem seg tidleg nok på arbeid. Første ferja frå Krokeide går klokka 06.45.

– Det kjem til å bli ei utviding. Men dersom det skal skje i Austevoll, er vi nøydde til å få køyrd ut fisk etter siste skift. Ferskpakka fisk taper seg for kvart minutt. Det seier seg sjølv at fisken ikkje kan stå på vent på eit lasteplan på Hufthamar over natta, seier Møgster.

– **Ein stad går grensa**

Møgster ser ikkje bort frå at dersom ferja ikkje blir noko av, blir det nye pakkeriet flytta til fastlandet og i verste fall ut av fylket.

– Dette er heilt horribel styring frå fylkeskommunen. Austevoll kommune vil miste både arbeidsplassar og skatteinntekter. Næringslivet bit seg fast her ute, men ein stad går grensa, seier Møgster.

Både kommunen, næringslivsrådet, bedriftene og NHO har fleire gonger purra på svar frå fylkeskommunen om korleis rutetilbodet vil sjå ut. I april inviterte kommunen fylkestingspolitikarane til Austevoll for å synleggjere behovet til næringslivet. Berre ein av dei inviterte takka ja. Arrangementet blei derfor avlyst.

– Slik eg ser det ser det vaktar fylkeskommunen rutetilboda som om det var ein statsløyndom. Det ryktes at dei nye ferjene skal vere fantastisk miljøvenlege. Vi er sjølvstøtt opptekne av miljø, men ikkje i første rekke. Først og fremst er vi opptekne av å kome oss fram, seier Møgster.

[– Hordaland blir verdensledende på omlegging til elektrisk ferge drift](#)



ØYDELEGGJANDE: – Tilbodet vi har i dag er øydeleggjande for næringslivet i Austevoll. Dersom det ikkje blir betre, er eg redd satsinga på behandling av fisk blir flytta til fylke med betre infrastruktur, seier ordførar i Austevoll kommune, Morten Storebø (H).

Fred Ivar Utsi Klemetsen (arkiv)

– Ikkje for mykje å be om

Kommunen på si side, har forsøk å få ei oppklaring frå fylkeskommunen sidan august i fjor. Då det blei klart at Fjord1 vann anbudsrunder sette kommunen to krav: Ei flytting av siste ferja på sødre samband og ei nattferje mellom Hufthamar og Krokeide.

– Det er ikkje så altfor mykje å be om, seier ordførar Storebø.

Han meiner at dagens tilbod ikkje tener behovet.

– Austevoll er verken hjelpelause eller små, men dette er lammande. Vi er ein kommune i rask vekst og ein av landets største lakseoppdrettskommunar. Det blir tungt å svelgje dersom utviklinga stoppar opp på grunn av ei ferje.

Redd næringslivet forsvinn

Fylkeskommunen har sjølv spådd at talet på innbuarar i Austevoll vil stige frå dagens 5100 innbyggjarar til 8000 innan 2040.

15. mai er kommunen invitert inn på kontoret til Skyss-direktøren, der dei skal få detaljane om korleis det endelege rutetilbodet blir.

Ordførar Storebø er bekymra for at det nye ferjetilbodet kan føre til at næringslivet ikkje lenger finn det lønsamt å drive i Austevoll.

– Vi ser allereie trenden med større og færre einingar. Laksepakkeriet på Austevoll har både små og store kundar. Dersom dei ikkje har høve til å utvide her, finn dei ein anna plass, seier Storebø.



BEKLAGAR: – Vi har aldri hatt intensjon om å halde tilbake informasjon, men det har tatt tid å få kabalane til å gå opp, seier Skyss-direktør Oddmund Sylta.

Jan M. Lillebø

– Beklagar at det har tatt tid

– Skyss har heile vegen vore klar på at vi vil informere kommunen når vi har klart både ruteopplegget og fartøykabalane. Vi har hatt tette dialogar og samtalar med Fjord1, heilt fram til denne veka, blant anna for å avklare denne nattferja, seier Skyss-direktør Oddmund Sylta.

Han understrekar at det aldri har vore deira intensjon å halde tilbake informasjon lengst mogeleg, men at prosessen har tatt tid.

– Vi beklagar og har forståing for at kommunen synest dette har drege i langdrag. Dei økonomiske rammene har mykje å seie for dei vurderingane som er gjort. Kostnadsveksten i det nye anbudet for austevollsambanda er om lag 75 millionar kroner – berre i 2018, seier Sylta.